

Protokoll frå møte i Vest-Telemarktinget 15. desember 2009.

Sak 10/2009 Opprop.

Fyresdal kommune: Ordfører Bjørn Nome, rådmann Ketil Kiland

Kviteseid kommune: Ordfører Torstein Tveito, rådmann Hans Bakke, Jarle Hjertås

Nissedal kommune: Ordfører Anne-Nora Oma Dahle, rådmann Sverre Sæter, Asbjørn Tveiten, Astrid Eidem Nordal

Seljord kommune: Ordfører Solveig S. Abrahamsen, rådmann Per Dehli, Jon Svartdal, Aud Jonskås

Tokke kommune: Ordfører Olav Urbø, rådmann Therese Hauger, Kjetil Fulsås

Vinje kommune: Ordfører Arne Vinje, ass.rådmann Sissel Bitustøyl, Aslak Ofte, Børre Rønningen

Som sekretær møtte regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes

Sak 11/2009 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Vedtak: Innkalling og sakliste vert samrøystes godkjent.

Sak 12/2009 Val av 1 person til å skrive under protokollen i lag med regionordfører.

Vedtak: Til å skrive under protokollen i lag med regionordfører vert valt Jon Svartdal.

Sak 13/2009 Arbeidsprogram 2008 – 2009, rapport pr. desember 2009.

Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner rapport pr. desember 2009 gjeldande arbeidsprogram 2008 – 2009.

Sak 14/2009 Arbeidsprogram for Vest-Telemarkrådet 2010 – 2011.

Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til arbeidsprogram 2010 – 2011.

Sak 15/2009 Forslag til budsjett 2010 for Vest-Telemarkrådet.

Vedtak: Vest-Telemarktinget godkjenner det framlagte forslaget til budsjett for 2010.

Sak 16/2009 Val av regionordfører og regionvaraordfører for perioden 2010 – 2011 og fastsetjing av godtgjersle for desse. Val av valnemnd for perioden 2010 – 2011.

Vedtak: Som regionordfører for perioden 2010 - 2011 vert valt Anne - Nora Oma Dahle. Som regionvaraordfører for same periode vert valt Torstein Tveito. Godtgjersle for regionordfører vert kr. 25 000,- pr. år og godtgjersle for regionvaraordfører vert kr. 5 000,- pr. år. Som medlemmer av valnemnda for peroden vert valt: Solveig S. Abrahamsen, Sverre Sæter og Aslak Ofte.

Sak 17/2009 Samhandlingsreformen.

I denne saken var prosjektdirektør Tor Åm ved Samhandlingsavdelingen i Helse- og Omsorgsdepartementet tilstades. Han orienterte innleiingsvis om bakgrunnen for reformen og det vidare arbeidet med denne. Departementet arbeider etter ein svært stram timeplan som inneber iverksetjing av ny lov og finansieringsmodell alt i 2012.

Ass. rådmann Sissel Bitustøyl orienterte deretter om arbeidet med reformen i vår region, samt resultatet av dei kartleggingar som er gjort i høve til ressursituasjonen.

Leiar av rådmannsutvalet Ketil Kiland gav ein kort status i høve til organiseringa og den vidare handsaminga i kommunane.

Under ordsiftet om saken vart det peika på viktigheiten av å kome i gang med arbeidet så snart som råd samstundes som ein sikrar god informasjon og breid forankring i kommunane. Det vart tilrådd å ta kontakt med Stortinget for å signalisere bekymring i høve til den knappe tida som er til rådvelde.

Vedtak: Vest-Telemarktinget tek orienteringane til vitande.

Vest-Telemarktinget 15. desember 2009.

Jon Svartdal

Anne-Nora Oma Dahle
Regionordfører